



REFERAT FRÅ MØTE I SAMARBEIDSRÅDET FOR SUNNHORDLAND, FREDAG 10 MAI 2019 KL. 09.30-11.30 I GOLFHUSET PÅ HAUGALAND GOLFBANE, SVEIO

Desse møtte:

Morten Storebø	Austevoll kommune
Bjarte Madsen	Austevoll kommune
Odd Harald Hovland	Bømlo kommune
Siri Klokkestuen	Etne kommune
Hilde Aa. Haraldseide	Etne kommune
Wenche Tislevoll	Fitjar kommune
Olaug Haugen	Fitjar kommune
Peder Sjo Slettebø	Kvinnherad kommune
Ragnhild Bjerkvik	Kvinnherad kommune
Gaute S. Epland	Stord kommune (frå sak 23-26/19)
Magnus Mjør	Stord kommune (frå sak 23-26/19)
Jostein Førre	Sveio kommune
Jorunn Skåden	Sveio kommune
Kåre Martin Kleppe	Tysnes kommune (frå sak 23-26/19. På telefon)

Frå administrasjonen

Gro Jensen Gjerde
Reidun Rykkje

Forfall

Geir Aga, Bømlo kommune – Steinar Dalland, Tysnes kommune.

Då var føre:

Sak 20/19	Godkjenning av referat frå møte 15. mars 2019
Sak 21/19	Nytt arbeidsutval 2019-2021
Sak 22/19	Statens vegvesen /Vestland fylke
Sak 23/19	Kommunal museumsstrategi
Sak 24/19	Nye vedtekter for Sunnhordland museum
Sak 25/19	Skriv og meldingar
	a) Fellesmøte med Haugalandrådet
	b) Fellesmøte med stortings- og fylkestingsrepresentantar
	c) Sunnhordland Tingrett
	d) Regional plan for kompetanse og arbeidskraft
Sak 26/19	Ymse
	a) Samlokalisering med Atheno og Stord Næringsråd
	b) Felles prosjekt skjønsmidlar - synspedagog
	c) Miljøsertifisering av kommuneadministrasjonane
	d) Interkommunal revisjon
	e) Temadag om bedredskapsarbeid

Sunnhordland, 13 mai 2019

Gro Jensen Gjerde
dagleg leiar

**REFERAT FRÅ MØTE I SAMARBEIDSRÅDET FOR SUNNHORDLAND, FREDAG 10 MAI 2019
KL. 09.30- 11.30 I GOLFHUSET PÅ HAUGALAND GOLFBANE, SVEIO**

Sak 20/19 Godkjenning av referat frå møte 15. mars 2019

Samrøystes vedtak.

Sak 21/19 Nytt arbeidsutval 2019-2021

Framlegg til vedtak:

1. Samarbeidsrådet for Sunnhordland vedtek at arbeidsutvalet for perioden 2019-2021 skal bestå av:

Morten Storebø, Austevoll kommune (Bjarte Madsen)
Siri Klokkestuen, Etne kommune (Hilde Aartun Haraldseide)
Ragnhild Bjerkvik, Kvinnherad kommune (Peder Sjo Slettebø)
Jorunn Skåden, Sveio kommune (Jostein Førre)
Magnus Mjør, Stord kommune (Gaute Epland)
Kåre Martin Kleppe, Tysnes kommune (Steinar Dalland)

Dersom det vert endringar etter valet skal ny ordførar i kommunen(e) tre inn i arbeidsutvalet. Det same gjeld om det vert endringar blant rådmennene

VEDTAK:

Samrøystes vedtak.

Sak 22/19 Statens vegvesen /Vestland fylke

Framlegg til vedtak:

- Samarbeidsrådet må arbeida opp mot Statens vegvesen for at Stord og Sunnhordland sitt kandidatur er ei svært god løysing for plassering av funksjonar i det omorganiserte Statens vegvesen.
- Samarbeidsrådet vil arbeida for at fleire nivå 4 leiarstillingar vert lagt til Stord.

VEDTAK

Samrøystes vedtak.

Sak 23/19 Kommunal museumsstrategi

Framlegg til vedtak:

Samarbeidsrådet for Sunnhordland oversender Kommunal Museumsstrategi til rådmannsutvalet for vidare arbeid.

VEDTAK:

Samrøystes vedtak.

Sak 24/19 Nye vedtekter for Sunnhordland museum

Framlegg til vedtak:

Samarbeidsrådet for Sunnhordland ønskjer ikkje å gje uttale til forslag til nye vedtekter for Sunnhordland museum.

VEDTAK:

Samrøystes vedtak.

Sak 25/19 Skriv og meldingar

- a) Fellesmøte med Haugalandrådet
- b) Fellesmøte med stortings- og fylkestingsrepresentantar
- c) Sunnhordland Tingrett
- d) Regional plan for kompetanse og arbeidskraft

På møte:

b) Fellesmøte med stortings- og fylkestingsrepresentantar

Ordførar Gaute Epland, Stord kommune sette fram ønskje om at ein i møte drøfta Høgskulen på Vestlandet – Campus Stord.

Sakene til møte vert:

- Vestland
- Statlege omorganiseringar
- Statens vegvesen – regionale kontor
- NTP
- Berekraftig reisemål
- Høgskulen på Vestlandet, Campus Stord
- Ymse

c) Sunnhordland tingrett

Ordførar Gaute Epland, Stord kommune informerte om at Styret i domstol administrasjonen i sitt møte 3 mai, gjekk inn for felles leiing mellom Haugaland og Sunnhordland tingrett.

d) Regional plan for kompetanse og arbeidskraft

I møte vart det gjeve ei orientering om Regional plan for kompetanse og arbeidskraft – kunnskapsgrunnlaget for Sunnhordland, ved Kristin Iversen og Stian Skår Ludvigsen, Hordaland fylkeskommune.

a) Miljøsertifisering av kommuneadministrasjonane

Dagleg leiar orienterte om at administrasjonen har hatt møte med planforumet der blant anna miljøsertifisering av kommuneadministrasjonane var tema. Det er mogeleg å søkje Hordaland fylkeskommune om midlar til arbeidet og det vart spurt om det var interessant at ein sendte ein felles søknad for dei 7 kommunane dette gjeld (Stord er den einaste kommunen som er miljøsertifisert). Det er frist 1 juni dersom ein ønskjer å sende ein søknad i år.

Administrasjonen vart beden om å sjekke kor tid neste frist er og lage ei sak til neste møte.

b) Samlokalisering mellom Atheno, Stord Næringsråd og Samarbeidsrådet

Det er kome ei henvending frå Atheno om å få til ei samlokalisering mellom Atheno, Stord Næringsråd og Samarbeidsrådet.

Styreleiar er invitert til eit møte. Det vil verta gitt ei nærare orientering til Samarbeidsrådet i neste møte.

c) Skjønsmidlar – synspedagog

Ordførar Kåre Martin Kleppe, Tysnes kommune orienterte om at Tysnes kommune har hatt eit prosjekt med synspedagog i skulen. Dette arbeidet har synt gode resultat. Tysnes kommune føreslår at andre kommunar vert med i dette arbeidet og føreslår at ein går saman om å søkje skjønsmidlar frå fylkesmannen.

Tysnes kommune vil gje ei nærare orientering om arbeidet i eit seinare møte.

d) Interkommunal revisjon

Ordførar Gaute Epland, Stord kommune sette fram spørsmål om det kan vera aktuelt å drøfta moglegheiten for eit interkommunalt samarbeid om kommunerevisjon. Ein vart i møte samde om at AU skal drøfte saka vidare i sitt første møte som er 7 juni og legge saka fram for Samarbeidsrådet.

e) Beredskap på dagsorden

Styreleiar Morten Storebø ønskjer at Samarbeidsrådet set beredskapsarbeid på dagsorden der alle beredskapsinstansar vert involvert. AU vil drøfte saka vidare og legge fram eit forslag.

